



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
68/2023	Kommunestyret	26.10.2023

Fastsetting av planprogram for områdereguleringsplan for Vågåmo

Vedlegg

- 1 Planprogram områderegulering Vågåmo_just etter høyring_12.10.23
- 2 Oppsummering og vurdering av merknader_12.10.23
- 3 Alle innkomne uttaler til planprogrammet - samla
- 4 Saksprotokoll sak 43/2023 22.06.2023 - Områdereguleringsplan for Vågåmo – oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

Saksframlegg:


Vågå kommune har starta arbeid med områdereguleringsplan for Vågåmo. Planarbeidet er utløyst av behovet for nødvendig planavklaring av flomsikringstiltak for å sikre Vågåmo mot flom og flomskred.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for sikring av Vågåmo mot flom og flomskred samt innarbeide overordna føringar for sentrumsutvikling med utgangspunkt i Masterplan for Vågåmo. Flaumsikringstiltak skal sjåast i samanheng med stadutviklingstiltak der det ligg til rette for det. Ved utarbeiding av områdereguleringsplanen må også eldre plangrunnlag oppdaterast.

Vågå kommunestyre behandla 22.06.2023 sak 43/2023 Områdereguleringsplan for Vågåmo – oppstart av planarbeid og høyring av planprogram. Det vart gjort vedtak om planoppstart og høyring av planprogram. Kommunedirektøren fekk mynde til å gjere påkravde justeringar i varsel om oppstart av planarbeid med omsyn til planavgrensing og framlagt planprogram, med bakgrunn i faglege tilrådingar frå tilknytte konsulentar og NVE, for å halde nødvendig framdrift i planarbeidet. Saksprotokoll frå behandling av saka er vedlagt.

Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram vart sendt til alle heimelshavarar innanfor planområdet og tilgrensande dette, samt til nasjonale og regionale instansar, aktuelle organisasjonar, lag og foreiningar m.fl. Frist for uttale vart sett til 09.09.2023.

Vågå kommune mottok 01.09.2023 melding frå NVE om at grunnundersøkingar hadde avdekt behov for utviding av planområdet for å sikre tilstrekkeleg areal for planlegging av flomtunnel. Ut frå desse opplysningane sende kommunen ut varsel om utviding av plangrensa til aktuelle grunneigarar og instansar. Planområdet vart utvida med om lag 220 dekar, og samla planområde etter utviding er ca. 5897 dekar stort. Frist for uttaler til utvida plangrense vart sett til 29.09.2023.



Figur 1: Planområdet er markert med svart stipla linje.

Det har vore tidleg involvering av nasjonale og regionale styresmakter ved at Vågå kommune i samarbeid med NVE la fram sak om områderegulering og flomsikring, samt utkast til planprogram, i regionalt planforum 22.03.23.

Det vart 28.08.2023 arrangert ope kontor og ope informasjonsmøte på kulturhuset der NVE og Vågå kommune orienterte om status og prosessen vidare.

Innkome uttaler

Det har kome fleire uttaler til planoppstart og høyring av planprogram.

Uttaler frå nasjonale og regionale instansar:

- ✓ Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (brev datert 26.07.23)
- ✓ Mattilsynet (brev datert 31.08.23 og 26.09.23)
- ✓ Statens vegvesen (brev datert 23.08.23 og 21.09.23)
- ✓ NVE, i regi av flomsikringsprosjektet (e-post datert 01.09.23)
- ✓ NVE (brev datert 12.09.23)
- ✓ Innlandet fylkeskommune v/Samfunnsutvikling (brev datert 12.09.23 og 26.09.23)
- ✓ Innlandet fylkeskommune v/kultur-Arkeologi (brev datert 14.09.23)
- ✓ Statsforvaltaren i Innlandet (brev datert 29.09.23)

Uttaler frå andre (nasjonale føretak, lag og organisasjonar, privatpersonar m.fl):

- ✓ Statnett (brev datert 17.08.23)
- ✓ Naturvernforbundet og BirdLife (brev datert 17.09.23)
- ✓ Vanglandet båtforening (brev datert 28.08.2023)
- ✓ Brun Bygg (brev datert 07.09.23)
- ✓ Steinar Aasgaard (brev datert 30.08.23)
- ✓ Øystein Gården (brev datert 30.08.23)
- ✓ Olav Melhus (brev datert 06.09.23)
- ✓ Ruth Berg, Reidar Berg, Anne Silje Berg og Øyvind Sødal (brev datert 07.09.23)
- ✓ Astrid Sørbu Mølmen (brev datert 11.09.23)
- ✓ Dag Inge Bakke og Rønnaug Stjernvang (brev datert 29.09.23)

Alle innkomne høyringsuttaler er samla i eitt dokument, vedlagt saksframlegget.

Dei nasjonale og regionale instansane har uttalt seg i forhold sine ulike ansvarsområde. Uttalene omhandlar i stor grad generelle overordna føringar, men også konkrete forhold knytt til dei interesser instansane skal ta i vare. Organisasjonane har uttalt ut frå til sine interesseområde. Innkomne uttaler frå private tek opp ulike forhold. Fleire av uttalene er knytt til deira eigedom og spørsmål om kva konsekvensar flomsikringstiltak kan få.

I vedlagt dokument *Oppsummering og vurdering av merknader* er kvar uttale attgjeve og det er gjeve ein kommentar til desse. Der det er vurdert behov for presisering eller justering i planprogrammet, går dette fram av kommentaren. Enkelte innkomne merknader omfattar forhold som vil bli vurderte nærare ved utarbeiding av planforslaget.

Vurdering:

Eit planprogram skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Der planarbeid utløyser krav om konsekvensutgreiing, som i denne saka, skal planprogrammet sikre tidleg avklaring av kva tema som skal utgreiast nærare. Det endelege planprogrammet for områderuleringsplan for Vågåmo skal leggest til grunn for arbeidet med reguleringsplanen og samordning med NVE sitt arbeid med tiltaksplan for sikringstiltaka.

Settekommunedirektøren viser til innkomne uttaler og dei vurderingar og kommentarar som er gjort for kvar enkelt uttale.

Det har ikkje kome innspel til utgreiingstema utover dei som allereie er omtalte i planprogrammet. Settekommunedirektøren meiner planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Det er med bakgrunn i innkomne høyringsuttaler gjort nokre mindre preseringar og justeringar i planprogrammet. Desse endringane er vist med raud skrift i vedlagt planprogram. Endringane er oppsummerte nedanfor:

- I kapittel 1.4 "Skisserte flaumsikringstiltak" er følgjande eksisterande tekst gjeve understreking: "Det kan ikkje utelukkast at det gjennom NVE og Multiconsult sitt arbeid med prosjektering av sikringsløysingar kan bli endringar som kan påverke reguleringsplanarbeidet."
- I planprogrammet kapittel 2.1 "Nasjonale føringar" er det teke inn presisering av revisjonsdato for jordvernstrategien, jf. uttale frå Statsforvaltaren: "Revidert nasjonal jordvernstrategi, 16. juni 2023"
- I kapittel 2.2 "Regionale føringar" er det gjort følgjande tilføyning, jf. uttale frå Fylkeskommunen: "Regional plan for vassforvaltning for vassregion Innlandet og Viken 2022-2027"
- I kapittel 3.2 "Hovudalternativet" er følgjande eksisterande tekst gjeve understreking: "Det kan ikkje utelukkast at vidare arbeid med prosjektering av sikringsløysingar kan medføre endringar som kan påverke reguleringsplanarbeidet. Ev. endringar kan også påverke aktuelle behov for utgreiingar."
- Under hovudkapittel 4 "Utgreiingsbehov – tema" i kapittel 4.1.1 "Naturmangfald og vassmiljø" er det jf. høyringsuttale frå Fylkeskommunen teke inn følgjande presisering: "Moglege konsekvensar for vassfugl skal inngå i utgreiingane der trekk- og overvintringsområde kan bli råka."
- Under hovudkapittel 4 "Utgreiingsbehov – tema" i kapittel 4.1.2 "Naturressursar – jordbruk og skogbruk, grunnvatn og grunnvasskjelder" er det jf. høyringsuttale frå Statsforvaltaren teke inn følgjande presisering: "For sikringstiltaka, der det ikkje vil bli stilt krav om detaljregulering, skal utgreiingane omfatte ein plan for korleis matjord kan handterast og areal tilbakeførast til fulldyrka jord." Vidare er det i same kapittel teke inn eit tillegg, som vist i kursiv, under: "Alternative løysingar for vassforsyning på Kvabergåsen, ev. *privat vassforsyning i andre område*, må utgreiast dersom dagens løysingar blir ramma."

- I kapittel 5 "Planprosess" er det jf. uttale frå Statsforvaltaren i tabellen lagt inn at områdereguleringa skal framleggast i Regionalt planforum før høyring. Punkt om framlegging av områdeplan i Regionalt planforum i høyringsperioden er behalde i fall regionale instansar ynskjer dette.

Fleire innkomne merknader omfattar forhold som er direkte innspel til utarbeiding av planforslaget, men som ikkje er direkte relevante for planprogrammet. Slike merknader vil jf. vedlagt dokument med oppsummering og vurdering av innspel bli vurdert nærare ved utarbeiding av planforslaget.

Ny kunnskap kan medføre endringar

Planprogrammet har lagt til grunn moglegheitsstudien for heilskapleg sikring av Vågåmo mot flom og flomskred. I moglegheitsstudien vart det gjort vurderingar av moglege og tilrådde løysingar for heilskapleg sikring. Det er presisert både i planprogrammet og i samband med framlegging av sak til kommunestyret 22.06.2023 at det i prosessen med utarbeiding av tiltaksplan for flomsikring kan bli justeringar i forhold til dei tilrådingar som gjekk fram av moglegheitsstudien. I framlagt planprogram er dette føreslege utheva særskilt. I samband med vurderingar av løysingar for flomtunnel er det gjort grunnundersøkingar og kartlegging i løpet sommaren og hausten som viser at tunnelinntak i Statnett-området vil vere vanskeleg å gjennomføre pga. stor lausmasseoverdekking over fjell. På ope møte på Vågå kulturhus 28.08.2023 orienterte NVE med sine konsulentar, da representert v. NGI, om dette. Først når NVE har grunnlag for å ta faglege avgjerder m.o.t. tiltaksplan, kan det ventast meir konkret informasjon til grunneigarar og andre. Områdereguleringsplan må for sikringstiltaka utarbeidast med bakgrunn i den tiltaksplan NVE utarbeider for flomsikringstiltaka.

Informasjon og medverknad

Settekommunedirektøren er oppteken av det blir lagt opp til god informasjon undervegs planprosessen. Både Vågå kommune og NVE vil i prosessen legge best mogleg til rette for at den enkelte skal få kome med sine innspel og få nødvendig informasjon undervegs i prosessen. Det vil jamleg bli halde opne kontordagar der det blir høve til å stille spørsmål og kome med innspel. Vidare skal det gjennomførast opne folkemøte der det vil bli gjeve informasjon og der ein også kan stille spørsmål og kome med innspel. Vågå kommune sine nettsider vil bli brukt aktivt for å informere om prosjektet.

Planavgrensing

Planarbeidet er utløyst av behov for å sikre Vågåmo mot flom og flomskred. Det har kome eit privat innspel om å utvide planområdet til å inkludere Klonesodden. Konsekvensar av aktuelle sikringstiltak er delvis utgreidd og vil bli vurdert i detalj i det vidare arbeidet. NVE melder at det i dag er lite som tyder på at sikringstiltaka vil ha nokon vesentleg negativ effekt på vasstand i Vågåvatnet. Planområdet er vurdert å ha ei avgrensing som er dekkande m.o.t. til aktuelle flaumsikringstiltak. Det er ikkje behov for ytterlegare utviding av planområdet med bakgrunn i formålet med reguleringsplanarbeidet.

Planprosessen kan ikkje ta inn nye areal utover det som er heilt nødvendig, da dette vil medføre at planarbeidet aukar i omfang og kommunen kan risikere at områdeplanen ikkje held tritt med NVE sitt tiltaksplanarbeid og seinke arbeidet med sikring. Områdereguleringsplanen må vere godkjent før sikringstiltak kan gjennomførast.

Settekommunedirektøren viser til kommunestyret sitt vedtak 22.06.2023 sak 43/2023 og legg til grunn at administrasjonen har fullmakt til å igangsette prosess for justering av plangrensa dersom NVE sitt utgreiingsarbeid skulle utløyse eit klart behov for dette. Det er pr. i dag ikkje grunnlag for å tru at dette er nødvendig.

Konklusjon

Settekommunedirektøren meiner nødvendige utgreiingstema er godt ivaretekne i planprogrammet. Framlagt planprogram, med dei mindre justeringar som er gjort, legg opp til ein god planprosess med medverknad, analysar og utgreiingar. Planprogrammet skal ut frå dette gi eit tilfredsstillande grunnlag for utarbeiding av områdereguleringsplan for Vågåmo.

Settekommunedirektøren tilrår at framlagt planprogram blir fastsett.

Settekommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-9, jf. § 4-1, blir framlagt planprogram for områdereguleringsplan for Vågåmo fastsett.

Kommunestyret si behandling av sak 68/2023 i møte den 26.10.2023:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-9, jf. § 4-1, blir framlagt planprogram for områdereguleringsplan for Vågåmo fastsett.